

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

19. søndag i treeiningstida – 15. oktober 2017

Preiketekst: Luk 20,45 – 21,4: Dei rike si sjøvhevding og den fattige enkja
Lesetekst I: Jes 55, 1-3: Kom og kjøp utan pengar
Lesetekst II: Apgj 8, 4-24: Guds gåve kan ikkje kjøpast for pengar

Frelsa er ikkje til salgs

Ein reformasjonssøndag

Dette er ein av dei søndagane dette kyrkjeåret som er peika ut til å markere 500-årsjubileet for REFORMASJONEN. Dermed er temaet gitt: Frelsa er ikkje til salgs. Det er då naturleg at alle dagens tekstar gjev moment til søndagens preike. Eg har derfor valgt å gjengi tema for tekstane ovanfor. Som kjent er Guds frie nåde reformasjonen si hovudsak, konkret gav dette seg utslag i kampen mot avlatshandelen, og eg tek med eit sitat frå

<http://www.luthersk-kirke.no/luthers-teser-mot-avlatshandelen/> :

«Luther ble mer og mer bekymret over den økende avlatshandelen som han så på som et forferdelig misbruk. I flere prekenes han holdt i 1516 og 1517 advarte han kraftig mot den falske sikkerheten som avlaten ga menneskene. I en preken fra begynnelsen av 1517 sa han: «Gjennom avlaten oppnås ingenting annet enn at mennesket lærer å frykte syndens straff og flykte fra den, men ikke fra synden i seg selv.» Resultatet var en utbredt selvsikkerhet og løssluppenhet, hevdet han. Han hadde sett dette hos sine egne medlemmer som hadde reist til Brandenburg for å kjøpe avlat hos Johann Tetzel.»

På Jesu tid var ikkje skilnaden på fattig og rik mindre enn den er i verda i dag. Lukasevangeliet – og også parallellteksten i Mark 12 – stiller rike og velfødde skriftlærde opp mot den fattige enka. Det kunne såleis vore ein tekst som innbaud til sosialetisk engasjement. Lat oss i det minste sjå på dei to typane som vert stilt opp mot kvarandre: dei som var høgast og den som var lågast på den sosiale rangstigen.

- Ikkje alle skriftlærde var farisearar. Dei skriftlærde var Israels akademikarar, både teologar og juristar. Dei skulle tene Gud og menneske med kunnskapen sin, i staden tener dei seg sjølve og er opptekne av prestisje og fortene. Dei har ord på seg for å utnytte og snylte på fattigfolks gjestefridom, som dei framstiller som ei from plikt. Det er nok ikkje lite surt å få Jesu flengande kritikk framført medan heile folkemengda høyrer på – sjølv om Jesus formulerer det som undervisning av læresveinane. I undervisninga ligg også ei reell åtvaring: Jesu etterfølgarar må ikkje bli som Israels skriftlærde.
- Å vere enke i den tids Israel var ofte ein hard lagnad. Dersom den avdøde ektemannen hadde brør, var dei forplikta til å gifte seg med enka. Ellers hadde søner plikt til å forsørge mor (jfr. fortellinga om enkesonen i Nain). Denne enka har visst ingen forsørgar. Men i teksten gjev Jesus henne status. Ho høyrer til «dei fattige» som han prisar sæl, «dei stille i landet». Ho har funne lykke ved å vere fri frå Mammons trældom – eit uttrykk for at ho set si lit til Guds omsorg. Tempelkista stod i kvinnene sin forgard. Ho var ei av dei som søkte tempelet - «søk først Guds rike og hans rettferd». To småmyntar vil her seia den minste mynteininga som var i bruk hos jødane. Den gr. teksten har ei lita romersk mynteining, *lepton*, utmynta av Pontius Pilatus i år 29-31. Eigentleg kunne ho gitt ein mynt og hatt den

andre att, men teksten seier at ho «gav av sin fattigdom (*mangel*). Ho hadde altså mindre enn ho trong.

Apropos tempelgaver skriv Paulus i 2 Kor 8: *For når den gode viljen er til stades, skal han verdsetjast etter det ein har, og ikkje etter det ein ikkje har.*

GT-teksten og temaet

GT-teksten har fokus på det å lytte til Herrens ord, som kan «kjøpast utan betaling». Guds frie nåde fins i rikt mål i Jes 55. Vin og mjølk og feite rettar er uttrykk for den overflod Gud vil ause ut over sitt folk, om dei berre vil vende øyra til han. *«Vend øyret hit og kom til meg, høyr, så skal de leva! Eg vil gjera ei evig pakt med dykk, mi miskunn mot David står fast.»*

Same bodskapen finn vi i Salme 22:

«Dei hjelpelause skal eta og bli mette, dei som søkjer Herren, skal lova han. Måtte hjartet deira alltid leva! Heile jorda skal minnast dette og venda om til Herren. Alle folk og slekter skal tilbe han.»

Herrens nådige handlingar mot dei hjelpelause - dei som søker Herren - i folket skal bli til eit vitnemål for alle folkeslag. Ved dette vert dei eit lys for folkeslaga.

Reformasjonens tema «Frelsa er ikkje til salgs / Guds nåde er gratis» blir forkynt i GT, og syner oss at det er den same sanne Gud som handlar der, han som sende Sonen til frelse for heile verda, ikkje berre for det utvalde folket. Herrens miskunn mot David skal stå fast, Jesus er Davidssonen, den lova Messias.

NT-teksten og temaet

Trolldomskunstnaren Simon er eit grelt eksempel på at pengar har / er makt. Akkurat som ved avlatshandelen. Å kjøpe Guds ånd eller å selge Guds nåde handlar om same sak: at eit menneske skulle kunne disponere over det som Gud åleine kan gi, og som *blir til noko anna* når det blir gjeve eller det vert kravd ei gjen-yting fra vår side. Det er eit lett spel, for det er så imot all menneskenatur å vere den hjelpelause mottakar av Guds uendelege nåde og gåve.

Men å skaffe seg rikdom ved åndelege overgrep er grov synd – som det diverre ikkje er vanskeleg å finne eksempel på om vi ser oss omkring i den kristelege geografien. Simon møtte kraftig tilrettevising: *«Måtte pengane dine gå til grunne saman med deg, du som tenkte at du kunne kjøpa Guds gåve for pengar! Du har ingen lut eller del i dette, for hjartet ditt er ikkje rett i Guds auge.»*

Jesus har jo sjølv sagt: *«Læk sjuke, vekk opp døde, gjer spedalske reine og driv ut vonde ånder! Gjev som gåve det de fekk som gåve.»* (Matt 10)

Luther og Paulus

Luther søker tilbake til Paulus når han kjempar for Guds frie nåde. I Galatarbrevet skriv Paulus mot judaistane, som meinte at heidningane måtte omskjerast og innlemmast i Israels folk for å få del i frelsa – ein variant av det å møte strenge vilkår for å komme inn i det trygge gudsforholdet.

«Vi er av fødsel jødar og ikkje syndarar av heidningætt. Men då vi skjøna at ikkje noko menneske blir rettferdig for Gud ved gjerningar som lova krev, men berre ved trua på Jesus Kristus, då sette vi òg vår lit til Kristus Jesus, så vi kunne seiast rettferdige ved trua på Kristus og ikkje ved lougjerningar. For ved lougjerningar blir ikkje noko menneske rettferdig.» (Gal 2,15-16)

Jesus er einaste frelse både for jødar og heidningar. Å peike på dette kan vere med å tydeleggjere dagens tema: «Frelsa er ikkje til salgs». Også ved markeringa av reformasjonen kan det vere ei hjelp for trua å søke tilbake til jødiske røter.

Annbjørg Eiksund Hesselberg

Tidl. misjonssekr. i Den Norske Israelsmisjon – no redaktør for Prekenverkstedet

annbjorg.hesselberg@ntebb.no